

---

**Saksnr:** 2020/59801-2  
**Saksbehandlar** Øyvind Sunde Høstaker  
**Dato:** 11.08.2020

---

---

**Til:** Hovedutval for kultur, idrett og integrering

---

**Frå:** Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering

---

## Nynorsk i Den kulturelle skulesekken

Kulturtanken forvaltar spelemidlane til Den kulturelle skulesekken (DKS). Fylka og kommunane har som eit av kriteria for bruk av midlane at «Den kulturelle skulesekken skal bidra til å gjøre eleven bedre kjent med begge målformer på norsk,...». Etter initiativ frå Sogn og Fjordane fylkeskommune vart Kulturtanken invitert til landsmøtet i Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) i 2018 for å konkretisere denne målsetninga. Kulturtanken gav på landsmøtet uttrykk for at dei ynskte å samarbeide med Sogn og Fjordane fylkeskommune om å styrkje nynorsk i DKS. Prosjektet «Nynorsk i DKS» er oppretta med følgjande målsetning: «Prosjektet Nynorsk i DKS (arbeidstittel) skal utarbeide ein strategi med mål om å styrkje nynorsken sin plass i Den kulturelle skulesekken.» Kulturtanken er prosjekteigar og prosjektleiar medan Vestland fylkeskommune leier arbeidsgruppa for prosjektet.

### Føremålet med prosjektet er:

- Å auke tilfanget gode nynorske programforslag til Den kulturelle skulesekken (DKS), for programmeringa av skuleåret 2021/2022. Å auke talet utøvarar med nynorsk som arbeidsspråk. Nynorskproduksjon: god produksjon der nynorsk er arbeidsspråk.
- Å bidra til at relevante produksjonar og tilbod som eksisterer frå før blir sende inn som programforslag og melde inn i Portalen for skuleåret 2021/2022.
- Å stimulere til fleire nynorske produksjonar og tilbod også utanom fylke og kommunar som har nynorsk som hovudmålform.
- Å auke kunnskap og bidra til bevisstgjerung av nynorsk som målform og identitetsbyggjar.
- Å stimulere til nettverksbygging og posisjonering på arenaer som arbeider politisk med kulturformidling til born og unge.
- Å styrkje koplinga mellom læreplanen og DKS, både i dei ulike faga og i den overordna delen av læreplanen.
- Å føreslå og leggje til rette for utviklingstiltak som styrkjer nynorskens plass i DKS.
- Å arrangere konferansen "Nynorsk i DKS (arbeidstittel)" med foredrag, erfaringsdeling og framsyning av ulike produksjonar i dei seks uttrykka i DKS. Tentativt i Førde 2021/22.

### Prosjektgruppe:

Øyvind Sunde Høstaker (Vestland fylkeskommune), Anne Hermansen (Vestfold og Telemark fylkeskommune), Guro K. Gjøsdaal og Anne Marta Vadstein (Senter for nynorsk i opplæringa), Åshild Widerøe (Møre og Romsdal fylkeskommune), Lise-Lahn-Johannessen (Kulturtanken).

### Konkrete resultat:

Kulturtanken lyser ut midlar til 4-6 nynorskproduksjonar som får produksjonsstøtte. Produksjonane blir valt ut av ein komité sett saman frå aktuelle fagmiljø. Produksjonane skal kvalitetssikrast. Dei

ferdige produksjonane skal vere klare til å meldast inn i programmet for DKS innan 1.oktober 2021. Dei vil då kunne takast opp i programmet for DKS i alle fylke og kommunar. Mål å arrangere ein nasjonal konferanse haust 2021/22 om «Nynorsk i DKS».

#### Tidsramme/framdrift:

- Vår- 2020: Etablere gruppa og ha jamlege arbeidsmøte
- Møte med Seanse, Nynorsk kultursentrum, Norsk Forfattersentrum, Jakob Sande – senter for forteljekunst, Samlaget
- Seinsommar 2020: Ferdigstille prosjektgrunningjeving og prosjektdokument.
- September 2020: Inngå samarbeidsavtalar og skaffe finansiering.

#### Gjennomføring:

- Hausten 2020: Avklare utlysingstekst.
- Hausten 2020: Informasjon i Portalen, SoMe ma. til utøvarar om prosjektet.
- Oktober - desember 2020: Vurdering av søknader/utveljing av produksjonar.
- Våren 2021 Produksjon/workshop.
- 1.september 2021: Produksjonar klare til å meldast inn i Portalen for 2021/22. Frist for innsending 1.oktober.
- Hausten 2021/22: Nasjonal konferanse

#### Økonomi:

Kulturtanken finansierer hovuddelen av prosjektet. Ein føreset at Vestland fylkeskommune og Vestfold og Telemark fylkeskommune nyttar kr 200 000 kvar av spelemidlane til DKS. Møre og Romsdal fylkeskommune bidreg med kr 100 000 og Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa med kr 25 000.

Den kulturelle skulesekken i Vestland fylkeskommune har ståande ubrukte tildelte spelemidlar etter reduksjon i aktiviteten i DKS som følgje av koronasituasjonen og i samband med samanslåing av dei to fylka til Vestland fylkeskommune.

Prosjektet er forankra i dei regionale planane for kultur for Sogn og Fjordane og Hordaland:

#### «Kultur for alle», regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027:

- Vi skal styrkje merksemda om det nynorske språket og den nynorske kulturarven.
- Vidareutvikle formidlinga av nynorsk litteratur, spesielt til barn og unge.
- Den kulturelle skulesekken i fylket arbeider med å få fram nynorske produksjonar av god kvalitet.
- I Sogn og Fjordane vil vi:
  - Styrkje nynorsk språk i nasjonal språkpolitikk.
  - Sikre produksjon og formidling av nynorsk litteratur gjennom m.a. Sogn og Fjordane teater, biblioteka, DKS og kulturskulane.
  - At Sogn og Fjordane tek ein nasjonal posisjon når det gjeld å få fram nye, gode nynorskproduksjonar til bruk i formidlinga til barn og unge.

#### «Premiss: Kultur», regional kulturplan for Hordaland 2015-2025.

- Mål: Auke bruken av nynorsk som kvardagsspråk og kunstspråk.
- «Det er viktig å stø opp om bruken av nynorsk både som kvardagsspråk og kunstspråk, særleg hjå ungdom. Eit viktig tiltak er å styrke nynorskbruk i vidaregåande skule og auke statusen til målforma.»
- «Hordaland fylkeskommune er sjølv ein stor leverandør av kunst og kultur til skulen gjennom Den kulturelle skulesekken og Rikskonsertane. Ein stor del av innhaldet/repertoaret er på nynorsk, og ein bør vurdere om andelen av nynorskproduksjonar skal aukast.»